



Trond Moen Sævreås
Holsbergstien 54
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2138 - 14/8168

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
23.05.2014

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr, gnr, 10, bnr. 210 snr. 1.

Administrativt vedtak. Saknr: 131/2014

Saksutgreiing:

Det er søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyr for husvære på gnr. 10, bnr. 210, snr 1. Søknaden er grunngeven med at det ikkje er montert eldstad i husværet.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag skal sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2014.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Administrasjonen har vurdert eigar av gnr. 10 bnr. 210, snr 1 sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2015 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på gnr. 10, bnr. 210, snr. 1 i samsvar med søknad motteke 07.05.2014. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland

Mottakere:

Trond Moen Sævreås

Holsbergstien 54 5918

FREKHAUG